

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>2/2013</b>
<b>Tid:</b>	<b>Fredag 15. mars kl. 09:00 – 14:00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Osterøy rådhus</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Kari Foseid Aakre, Per Lerøy, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Kristin Handeland, Astrid Aarhus Byrknes
<b>Rådmenn:</b>	Øistein Søvik, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Reidun Halland
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit
<b>Andre:</b>	Hans Inge Algrøy (sak 22/13), Vivian Kårbø (sak 23/13)
<b>Forfall:</b>	Hallvard Oppedal, Knut Moe, Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Vidar Bråthen

<b>Sak 17/13</b>	<b>Bedriftsbesøk hos Lobas AS (Lonevåg beslagfabrikk)</b> Regionrådet har fyrst ei fin befaring hos Lobas AS. Fyrst fekk me informasjon frå dagleg leiar Jørn Jacobsen om starten på selskapet og utvikling fram til d.d. Han var og inne på rammevilkår og samarbeid med kommune. Deretter var det ei kjapp omvising i produksjon der me fekk sjå ei innovativ verksemd som satsar på teknologi som robotar m.v. Denne satsinga har imidlertid ikkje ført til færre tilsette, snarare tvert i mot, men produksjonen er mykje større.
<b>Sak 18/13</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 19/13</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll frå møte 1/2013</b> Møteprotokollen frå møte 1/2013 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 20/13</b>	<b>Status oppfølgingssaker</b> Kjapp gjennomgang. Saker som er aktuelle til neste møte er: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Oppfylging skulebruksplanen</li> <li>▪ Møte med HIB, om prosjekt i Nordhordland og vidareutvikling</li> </ul>
<b>Sak 21/13</b>	<b>Kort orientering om status i Osterøy kommune</b> Kari Aakre og Odd Ivar Øvregård informerte kort om viktige saker i Osterøy kommune. Kommunen er i rivande utvikling. Skule, pleie- og omsorg er inne i strukturendring. Største utfordringa er på plansida der det er mangel på folk, men det er ikkje ressursar til tilsetjing. Kommunen har no 2 % folkeauke og passerte 7800 innbyggjarar i fjor. I slutten på 2014 vert gratis på brua, noko som kan vera til større auke. Kommunen har i dag eit godt samansveist heradstyre. Administrativt har kommunen ein tydeleg linjeorganisasjon.  Kommunen jobbar etter kvalitetsmål som vert utvikla i samband med budsjett og vert vedtekne gjennom budsjettprosessen. Rapportar gjennom tertialrapport og årsrapport.

<p><b>Sak 22/13</b></p>	<p><b>Korleis styrkja oppdrettsnæringa i Nordhordland?</b> (vedlegg)</p> <p>Hans Inge Algrøy, Vestnorsk Havbrukslag orienterte.</p> <p>Det har vore mykje snakka om lukka anlegg på land, dette er prøvd i liten skala og vil vera ei stor utfordring – og teknologisk ligg det nok litt fram i tid. Men laks opp til ein kilo på land – så i sjø i dag. Ein reduserer dermed tida i sjø. 98 % av laksen vert selt ut av landet i dag</p> <p>Regionrådsleiar stilte spørsmål til kva næringa sjølv ynskjer i Nordhordland vedr. Tilgang på areal og planar for framtida. Også ombygging.</p> <p>Næringa (fhl) må sjølv vera på i kommuneplanprosessar og be om at kommunane fører dei opp på planlista. Fhl bør senda brev til alle kommunane.</p> <p>Fleire peika på at næringa bør sjå på intensivene dei har – eller tvert i mot manglar i forhold til det dei legg igjen lokalt. Anlegga tek mykje areal, og næringa bør derfor ha fokus på å investera / leggja litt igjen lokalt. Ofte er det vanskeleg å få flytta / få bort eit øydelagt anlegg eller anlegg som er gått konkurs Dette øydelegg omdømmet i lokal miljøa ute i kommunane. Her må næringa prøva å gjera noko med.</p> <p>Reguleringsplanar kostar mykje å utarbeida, men næringa er ikkje med og betalar. Mange kommunar opplever dermed næringa som meir som ein utgiftspost enn det motsette. Fleire opplever vidare at bransjen er lite villig til å samarbeida – og samarbeidet kun verkar ein veg.</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes peika på at samarbeid med næringa om areal knytta til kommuneplan i Lindås hadde vore ein god og brei prosess med både næringa og innbyggjarane, men så sa fylkesmannen likevel nei til dette.</p> <p>Per Lerøy peika på at næringa ikkje legg igjen ein einaste arbeidsplass i Austrheim, men at me som kystkommunane må erkjenna at dette er ei svært viktig næring for kyst Norge. Han nemnte Fensfjordplanen som eit godt døme på felles plan for alle. Vidare peika på CO2BI som eit godt og viktig prosjekt for næringa.</p> <p>Øivind Olsnes viste til etablering på 80-talet der arbeidsplassar og produksjon hang saman. No er det store verksemdar som ikkje har lokal tilknytning. Felles plan?</p> <p>Algrøy var enig a næringa må ta inn over seg samarbeid, og endra litt haldningar. Han peika på at kommunane må sjå dette inter regionalt og viste blant anna til at det er to slakteri i regionen - Byrknes og Valestrand – og at det er nok, men at regionen må sjå det som ein ressurs.</p> <p>Han forstår at tilrettelegging kostar pengar for kommunane og at dette gjerne er ei undervurdert sak. Staten seier at ein kosesjon skal kosta 10 mill. og at fire mill. skal tilbake til fylket. Desse pengane bør gå tilbake til kommunane. Han oppfordra kommunane om å ta tak i dette.</p> <p>Næringa er elles kjent med prosjektet på Mongstad – algeproduksjon. Ein må vidare jobba hardt vidare med teknologiutvikling – t.d. jobbar ein med resirkulering av vatn i setjefiskanlegg. Men oppdrettsnæringa møter også mange kjeppar i hjula. Anlegg skal elles ikkje liggja rundt etter at dei ikkje vert brukte meir, næringa må sjølv kunne laga ein avslutningsgaranti.</p> <p>Reidun Halland opplyste at Sogn og Fjordane no startar ein prosess med kystsoneplan.</p>
<p><b>Sak 23/13</b></p>	<p><b>Informasjon om kompetanseprosjektet</b> (sjå presentasjon)</p> <p>Vivian Kårbø, NHIL orienterte kort men godt om kompetanseprosjektet – om bakgrunn for dette – og korleis ein jobbar i dag. Stillinga er i dag hos NHIL, men er finansiert av kommunane som betalar halvparten av stillinga, resten betalar fylkeskommunen.</p>

	<p>Kompetansekordinator har teke initiativ til – og vore involvert i ulike samarbeidsaktivitetar, og det er viktig at nokon har oversyn over kva som skjer på dette kompetansefeltet i regionen og kan setja saman aktørar. Funksjonen vert kalla «the missing link». Prosjektet vert omtala positivt utanfor vår region, og alt tyder på at det er behov for ein kompetansekordinator, noko og rapport i 2011 frå fylkeskommunen viser. Dei vidaregåande skulen bør elles bli ein endå meir integrert del av samfunnet.</p> <p>Det er under oppbygging eit kurs- og kompetansesenter i regionen, dagleg leiar vert tilsett i april, og eigarar er Statoil, Frank Mohn-bedriftene, PSW, Mongstadbase og NHIL. Dei har også som mål å tilby kurs lokalt for det offentlege i tillegg til det private.</p> <p>Utfordring til kommunane var om dei kan laga fagdagar for 10. klassingar og korleis kommunane kan utnytta det nye Kurs- og kompetansesenteret. Fagdagar er ein flott ide og det må kommunane sjå nærare på. Det siste må ein sjå nærare på når tilboda er oppe og går, men regionen bør elles ta ein debatt om kva me gjer innan kurs og kompetanse samla sett. Odd Ivar Øvregård viste bl.a. til opplæringskontoret som regionen har i dag.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet ynskjer at Rådmannsutvalet ser nærare på korleis regionen samla sett jobbar med kurs og kompetanseområdet.</li> </ul>
<p><b>Sak 24/13</b></p>	<p><b>Folkehelse i Nordhordland – planlegging og organisering</b> (vedlegg)</p> <p>Rune Heradstveit informerte kort om sak og forslag til vedtak om å etablera ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å vurdere felles regional plan som sikrar samarbeid om forskingsbasert utvikling av folkehelsearbeidet i regionen.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet Nordhordland sluttar seg til etablering av interkommunalt fora/arbeidsgruppe som får i oppdrag å vurdere felles regional plan som sikrar samarbeid om forskingsbasert utvikling av folkehelsearbeid i regionen. Nordhordland Utviklingsselskap IKS får i oppdrag å organisere dette arbeidet.</li> </ul> <p>Eit slik møteforum / arbeidsgruppe bør vere samansett av representantar frå kommunane med eit særleg ansvar for oppfølging av Folkehelselova, samt representantar frå frivillige lag og organisasjonar. Mandat og samansetting av gruppa skal forankrast og godkjennast av Regionrådet.</p>
<p><b>Sak 25/13</b></p>	<p><b>Oppnemning av representant til styringsgruppe for Regional plan for attraktive senter i Hordaland</b> (vedlegg)</p> <p>Rune Heradstveit informerte om sak og forslag til vedtak.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>✚ Regionrådet i Nordhordland oppnemner ordførar i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes som representant til styringsgruppa frå vår region. Med regionsenteret Knarvik i kommunen, er dette naturleg.</li> </ul>
<p><b>Sak 26/13</b></p>	<p><b>Status Helsehus</b></p> <p>Rune Heradstveit informerte om vedtak i Lindås kommunestyre 14. februar d.å. der kommunen ynskjer å få utgreidd ulike sider ved prosjektet betre før dei tek stilling til om dei ynskjer å ta eit vertskommune ansvar m.m. Kommunen har derfor sendt saka tilbake til Regionrådet der dei ber rådet utgreia dette nærare.</p> <p>NUI hadde lagt fram forslag til vedtak om at Regionrådet ber NUI utgreia punkta i vedtaket til Lindås kommune og ber NUI koma tilbake til Regionrådet med ei ny tilråding når dette er utført.</p>

	<p>Det vart ein del diskusjon om rundt bordet om vendinga saka har teke, og mange gav uttrykk om frustrasjon og forbauselse i at Lindås kommune ikkje heldt seg til konklusjonen i Deloitte-rapporten og tek på seg rolla som vertskommune med dei anbefalingar rapportar har.</p> <p>Møtetida strakk ikkje til og Regionrådet vedtok å ta saka grundig opp på eit ekstraordinært møte i Regionrådet onsdag 4. april kl. 09:00.</p>
<b>Sak 27/13</b>	<p><b>Status «Nordhordlandspakken – E39 Bergen – Nordhordland»</b> Saka vart ikkje handsama – utsett til neste møte.</p>
<b>Sak 28/13</b>	<p><b>Kommunestrukturprosessen. Status. Nedsetjing av styringsgruppe</b></p> <p><b>Forslag til vedtak:</b></p> <p>✚ Regionrådet er styringsgruppa for kommunestrukturprosjektet og regionrådsleiar er leiar for gruppa. NUI er prosjektansvarleg og rapporterer til styringsgruppa / Regionrådet. Det vert oppretta ei prosjektgruppe bestående av nokre ordførarar og rådmenn samt NUI og ein prosessrettleiar. Dette - samt arbeidsgrupper tilpassa oppgåver / prosessen, kjem NUI tilbake med etter kvart som prosessen skrir framover.</p> <p>Saka vart ikkje handsama ferdig – utsett til neste møte.</p>
<b>Sak 29/13</b>	<p><b>Nettverk mellom plan- og byggesakavdelingane i kommunane og næringslivet?</b> Saka vart ikkje handsama – utsett til neste møte</p>
<b>Sak 30/13</b>	<p><b>Statusrapport frå utvala (helse, nærings- og samferdsle og kultur)</b> Saka vart ikkje handsama – utsett til neste møte.</p>
<b>Sak 31/13</b>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Høyring – forslag til planprogram for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Saka vart ikkje handsama – utsett til neste møte.</li> <li>▪ Høyring – Regional næringsplan 2013-2017 – høyring planframlegg. Saka vart ikkje handsama – utsett til neste møte.</li> <li>▪ Nordhordlandslag 1913-2013. Drøfting felles reaksjon? Saka vart ikkje handsama – utsett til neste møte.</li> <li>▪ Neste møte: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Onsdag 4. april 09:00-12:00 (ekstraordinært møte), Nordhordland Utviklingsselskap IKS</li> <li>▪ Fredag 26. april 2013, Nordhordland Utviklingsselskap IKS</li> </ul> </li> </ul>

Knarvik 21. mars 2013

Jon Askeland (sign)  
Leiar Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

- Sak 19/13: Protokoll frå 1/2013
- Sak 20/13: Status oppfølgingsaker
- Sak 22/13: Presentasjon – «Korleis styrkja oppdrettsnæringa i Nordhordland»
- Sak 23/13: Presentasjon – «Kompetanseprosjektet»
- Sak 24/13: Folkehelse i Nordhordland – planlegging og organisering - forslag til vedtak
- Sak 25/13: Oppnemning representant til styringsgruppe for Regional plan for attraktive senter